

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 23.10.2024

Vår ref.: 200900615-110 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om forlengd byggjefrist for Illvatn pumpekraftverk og Øyane kraftverk i Luster kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Hydro Energi AS om å få forlenga byggjefristen for Illvatn pumpekraftverk og Øyane kraftverk med fem år, til 24.04.2030. Hydro Energi fekk konsesjon til å byggje kraftverka den 24.04.2020. Søknaden vert no send på høyring med høyringsfrist 04.12.2024.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. Søknaden om forlengd byggjefrist vert derfor berre send på høyring til Luster kommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen.

Kva det vert søkt om

NVE har fått ein søknad frå Hydro Energi AS om løyve å forlengje byggjefristen for Illvatn pumpekraftverk og Øyane kraftverk med fem år, til 24.04.2030. Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine nettsider: www.nve.no/5661/v (Illvatn pumpekraftverk) og www.nve.no/5658/v (Øyane kraftverk).

Det følgjer av vilkårspost nr. 4 i vassdragskonsesjonen at konsesjonær må starte bygging av kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonsdato, og fullføre bygging innan fem år til. NVE kan forlengje byggjefristen.

Kva vi ønskjer fråsegn om

NVE skal vurdere om det har komme inn nye moment i saka som tilseier at fristen ikkje bør bli forlengd. NVE ønskjer derfor tilbakemelding på om det har oppstått nye forhold sidan sakene vart behandla i 2020. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de veit om nye partar som kan bli ramma av saka, slik at dei også kan få høve til å uttale seg. Vi ber Statsforvaltaren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfoldloven § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreingar.



Slik sender du inn høyringsfråsegn

Fråsegn om forlenge byggefrist for dei to kraftverka kan sendast inn samla. Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/5661/V eller www.nve.no/5658/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 200900615/202418211 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 200900615/202418211 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er:

04.12.2024

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Anna sakshandsaming

NVE har fleire sakar tilhøyrande Illvatn pumpekraftverk til behandling:

- Planendring av Illvatn pumpekraftverk. Søknaden hadde høyringsfrist 10.05.2024. Vedtak i saka er ikkje fatta. Dokument i saka er tilgjengeleg på saka si nettside: www.nve.no/9322/V
- Endringssøknad for nettanlegg tilknytta Illvatn pumpekraftverk. Endringssøknaden vil bli sendt på høyring saman med detaljplan for nettilknytting.
- Etter eit eventuelt positivt vedtak om planendring og nettanlegg er fatta, vil detaljplan for vasskraftverket bli lagt ut på høyring og handsama.
- Energidepartementet handsamar søknad om fornya ekspropriasjonsløyve for Illvatn pumpekraftverk.

Med helsing

Håkon Berg Sundet
fagleder

Marianne Angård
førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner



Mottakarliste:

LUSTER KOMMUNE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

HYDRO ENERGI AS